

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Julsundvegen 9
6412 MOLDE

Innbyggjarinitiativ for utgreiing av grensejustering mellom Ålesund og Aukra kommunar, etter inndelingslova §8.

Innbyggjarar på Ona og Sandøya søker Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om at det blir sett i gang utgreiing av ei grensejustering mellom Ålesund og Aukra kommunar. Utgangspunktet for initiativet er at øyane blir lagt til Aukra.

Historikk

I 2016 søkte innbyggjarar på Ona, Sandøya og Orta om å få utgreidd ei grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar. Søknaden hadde oppslutning på 91,8% av den vaksne befolkninga på øyane.

Dåverande Fylkesmann føretok ei grundig utgreiing, og med bakgrunn i den tilrådde han ei grensejustering i tråd med innbyggjarane sitt ønske. Det kom difor som ei stor overrasking at regjeringa overstyrte både tilrådinga frå fylkesmannen og folket på øyane si vilje.

Berre Orta fekk gå til Aukra.

På denne tida var det store planer om vindkraftutbygging i «havrommet» utanfor øyane. I 2008 vart det gitt konsesjon til vindparken Havsul 1, og kommunen var førespegla nye arbeidsplassar og store inntekter.

Utbygginga kom aldri i gang.

I mars 2021 vedtok Olje- og Energidepartementet å avslå søknad om forlenging av frist for igangsetting. I vedtaket vart det mellom anna lagt vekt på at opphøveleg konsesjon og konsekvensutredning var gamle og må oppdaterast, at eventuelle nye planer for ei ny konsesjonsbehandling.

Stemminga blant folk på Ona og Sandøya er den same i dag som den var i 2016, me ønsker å bli ein del av Aukra kommune og Romsdalsregionen.

Det har gått 6 år sidan me sendte første søknad.

I mellomtida er det skjedd ein del som vil påverke kvardagen vår, og som me meiner gir grunnlag for ei ny utgreiing.

Dette gjeld mellom anna :

- **Avstand/kommunikasjonar: Nordøyvegen**
- **Lege og helsetenester: Ambulansebåt/akuttberedskap**
- **Regjeringa har åpna for at tvangssamanslåtte kommunar kan oppløysast.**

Dei viktigaste grunnane til at me søker om ei utgreiing av ei grensejustering er :

- **Me er mest retta mot Aukra og Romsdal både med omsyn til tenester og leveransar både til og frå næringsliv og private.**
- **Det er kortast og raskast å kome seg til både kommunesenter, og ein by (Molde) i den retninga. Det vil framleis være tilfellet etter at fastlandssambanda Nordøyvegen, Møreaksen og Kjerringsundet er ferdige.**
- **Ein mindre kommune vil ha ein enklare og meir oversiktleg organisasjon, det vil være lettare for innbyggjarane å kome i kontakt med dei som tek avgjerslene.**
- **Me har alltid vore knytt til Romsdal både med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar.**
- **Geografisk er øyane ein del av Romsdalskysten. Me høyrer til Romsdalsregionen og vil at me skal gjere det i framtida og.**

Me viser til søknad datert 12.august 2016 som ligg til grunn for denne søknaden, med ei oppdatering på dei enkelte tema.

Tenester og handel

Øyane har vore og er framleis mest knytt opp mot Aukra og Molderegionen. Dette har naturleg samanheng med avstandar og kommunikasjonar.

Med dagens ferjerute vil tenester som VVS, elektro, service og handverk frå Aukra, Molde og Hustadvika kunne utnytte heile arbeidsdagen. Dette kombinert med større tilgang på tilbydarar og tenester gjer det enklare, raskare og rimelegare å få tenestene derfrå.

På Sandøya er det eit stort og aktivt gardsbruk. All slakt og husdyr går mot Trøndelag, medan kraftfôr, supplerande utstyr og driftsmidlar kjem frå Molde-området. Av næringslivet betenes øyane hovudsakeleg frå Aukra/Romsdal, og tyngda av materialar og tenester kjem derifrå.

Utan at me har nokon statistikk for det, er varehandelen størst i retning Aukra/Molde, men ikkje så dominant som for tenester. Med dei store samferdselsprosjekta som er på gang vil det truleg framleis være slik. Møreaksen og forbindelsen frå Otrøya til Aukra (Kjerringsundet) vil gi Aukra fastlandssamband. Slik ferjerutene for dei to sambanda ser ut i dag, vil dette også bety kortare reisetid til Molde for folk som reiser med utasundsferja til og frå Småge.

Avstand og kommunikasjonar.

Nordøyvegen som knyter øyane i Haram og Harøya/Finnøya til fastlandet vart opna 27.august. For folket på Sandøya og Ona fører det ikkje til verken kortare eller raskare veg til fastlandet sørover og kommunesenteret i Ålesund. Me er framleis avhengig av ferje til og frå Finnøya.

Ferjesambandet Harøy – Brattvåg vart erstatta av ein 37 km lang bomveg, med bruer og tunellar. Veggen har til dels dårleg standard og låg fartsgrense, som fører til at det vil ta lengre tid og koste meir å nå fastlandet i den retninga enn det gjer i dag.

Avstand/reisetid og kostnad til Aukra (Gossen) er betydeleg kortare og rimelegare.

Dette kan illustrerast ved følgande eksempel :

Tid/avstand/kostnad frå Ona til rådhuset i Ålesund

Ferge Ona-Finnøy	tur/retur	1 time 20 minutt
Finnøy-Ålesund	«	3,5 time (200 Km)
Total reisetid :		4 timar 50 minutt

Kostnad med bil (drivstoff/bompengar) Kr 600 +

Tid/avstand/kostnad til rådhuset i Aukra

Ferje Ona- Småge	tur/retur	3 timar
Småge – Falkhytta	tur/retur	20 minutt (14 Km)

Total reisetid 3 timar 20 minutt

Kostnad med bil Kr 20 + -

Lege- og helsetenester

Dei fleste på øyane nyttar seg av lege og helsesenter på Harøya, nokon har fastlege på Gossen eller i Molde. Andre nyttar seg i staden av medisinske miljø med større kapasitet og spenn i kompetanse, utstyr og prøvetaking, som Legesenteret i Molde, eller Medi3 i Ålesund. Ein står som kjent fritt i å velge fastlege.

Ambulansebåt/akuttberedskap.

Transport av pasientar til fastlandet, eller akuttoppdrag har fram til i dag blitt utført av ambulansébåten Øyvon, stasjonert på Steinshamn på Harøya.

I samband med ferdigstilling av Nordøyvegen, har helseføretaket vedtatt at ein ny og større ambulansébåt som mellom anna skal ivareta tryggleiken for folket på Ona og Sandøya, skal stasjoneras på Aukra.

Dei meiner dette er den beste plasseringa med tanke på akuttmedisinsk beredskap i distriktet den skal ivareta.

Det skal framleis være ambulansestasjon med bil i beredskap på Harøya. Kommunelegen og ambulansepersonell der, har i ei tilbakemelding gitt uttrykk for bekymring for

pasienttryggleiken. Dei viser mellom anna til at vegstandaren på deler av Nordøyvegen er så dårleg at transporttida til sjukehuset i Ålesund vil kunne ta uforsvarleg lang tid.

For oss som ikkje får fastlandsforbindelse betyr det at ein lang veg til legevakt/sjukehus i dag, vil bli enda lengre. Me vil få større tryggleik som innbyggjarar i Aukra kommune tilknytt legevakttenesta der, fordi responstida ved utrykking blir kortare og transport til sjukehus vil gå fortare.

Pleie og omsorg

Ein kan ikkje vente å få tilbod om heimesjukepleie i vesentleg grad verken på Sandøya eller Ona, på grunn av kommunikasjonsforholda. Me reknar ikkje med at Aukra kan tilby oss noko meir på denne fronten enn det me får i dag. Heimehjelpenesta vil godt kunne tilpassast ferjerutene. Dersom det er ledig kapasitet i denne tenesta på Harøya/Finnøya, skal ein ikkje sjå vekk frå at ein samarbeidsavtale kan gi fordelar til begge kommunane.

Sjukehus

For oss er det i dag kortaste veg til Molde sjukehus. Nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal er under bygging på Hjelset, og vil stå ferdig i 2025. I samband med dette blir E39 på strekninga Lønset-Hjelset lagt om og oppgradert til 90-sone. Arbeidet skal være ferdig til sjukehuset står klart til bruk.

Det vil framleis være slik for oss at det vil ta kortare tid til sjukehuset på Hjelset enn til Ålesund sjukehus.

Brannberedskap

Det er branndepot med sløkkjeutstyr både på Sandøya og Ona.

I dag er det brannmannskap frå Harøya som er i beredskap og skal rykke ut ved evt. brann. Desse har fram til no basert seg på å bli skyssa ut med ambulansébåten Øyvon. Sidan den fell vekk, er det usikkert korleis beredskapen kan ivaretaast.

Brannvesenet i Molde har eit hurtiggående utrykkingsfartøy som ved normale vêrforhold vil kunne komme forholdsvis raskt til hjelp.

Å høyre til og identitet

Som nemnt i innleiinga så høyrer me historisk til i Romsdalsregionen.

Når det gjeld «byen vår», den me soknar til, så har det alltid vore Molde.

Person og godstransport har gått, og går framleis i all hovudsak i den retning.

Ålesund er ein flott by, men me meiner at vi ikkje høyrer til der, til det er avstandane for store, både geografisk og kulturelt.

Det same føler sikkert den jamne ålesundar når det gjeld oss.

Det kan nemnast at Ålesund Historielag i eit innspel til utforminga av nye Ålesund mellom anna skriv: « Det er et faktum at nåværende Ålesund kommune både kulturhistorisk og kommunikasjonsmessig henger dårlig sammen med Sandøy, Haram, Skodje og Ørskog».

Land- og sjøområder

Med omsyn til dei land og sjøområde som naturleg bør følge med i ei grensejustering, viser me til vedlagte kart.

Konklusjon

Når regjeringa no har opna for at kommunar og fylker som vart slått saman med tvang skal kunne oppløysast, er det vårt håp at innbyggjarane på Ona og Sandøya som vart tvinga inn i Ålesund skal få saka utgreidd på nytt. Og at folkeviljen denne gangen vinn fram.

34 personar som bur på Ona/Husøya og Sandøya støttar denne søknaden datert 06.10.2022 ved å underteikne vedlagte liste.

Sjå vedlegg 1

For Sandøya

.....

Arve Linningsvoll

For Ona/Husøya

.....

Oddgeir Viken

Kontaktperson : Oddgeir Viken

Postadresse : Onagarden 10, 6298 Ona

e-post : oddgeir.viken@gmail.com

Telefon : 915 71 618

Vedlegg :

1. Underskriftsliste
2. Oversiktskart
3. Detaljert kart
4. Kart som viser avstandar til kommunesenter

Fra: Oddgeir Viken[oddgeir.viken@gmail.com]
Sendt: 12.10.2022 11:48:20
Til: Postmottak SFMR[sfmrpost@statsforvalteren.no]
Kopi: Brevik, Frida Farstad[fmmfrje@statsforvalteren.no];
Tittel: Søknad om utgreiing av grensejustering mellom Ålesund og Aukra kommunar

Oversender søknad fra innbyggerne på Ona/Husøy og Sandøya.

Vennlig hilsen
Oddgeir Viken

Land- og sjøområder

Med omsyn til dei land og sjøområde som naturleg bør følge med i ei grensejustering, viser me til vedlagte kart.

Konklusjon

Når regjeringa no har opna for at kommunar og fylker som vart slått saman med tvang skal kunne oppløysast, er det vårt håp at innbyggjarane på Ona og Sandøya som vart tvinga inn i Ålesund skal få saka utgreidd på nytt. Og at folkeviljen denne gangen vinn fram.

34 personar som bur på Ona/Husøya og Sandøya støttar denne søknaden datert 06.10.2022 ved å underteikne vedlagte liste.

Sjå vedlegg 1

For Sandøya



Arve Linningsvoll

For Ona/Husøya



Oddgeir Viken

Kontaktperson : Oddgeir Viken

Postadresse : Onagarden 10, 6298 Ona

e-post : oddgeir.viken@gmail.com

Telefon : 915 71 618

Vedlegg :


1. Underskriftsliste
2. Oversiktskart
3. Detaljert kart
4. Kart som viser avstandar til kommunesenter


Vedlegg 1

Me bur på Sandøya, Ona/Husøya og støttar søknaden om grensejustering datert 6. oktober 2022

Nummer	Navn	Adresse	Underskrift
1	TOVE MARI KNOBELAUCH		
2	KJELLOVE SANDØY	GARDSVEGEN 108, SANDØY	Kjell O. Sandøy
3	ERNA SANDØY	GARDSVEGEN 109, SANDØY	Erna Sandøy
4	GUNNFRID SANDØY	GARDSVEGEN 93	Gunnfrid Sandøy
5	INGVAR SANDØY	Gardsvegen 93	Ingvar Sandøy
6	JOHN HARRY SANDØY	Gardsvegen 87	John Harry Sandøy
7	MARIANN IVERSEN	SANDØY	Marianne Iversen
8	ARVE IVERSEN	SANDØY	A. Iversen
9	RAGNHILD SANDØY	SANDØY	Ragnhild Sandøy
10	INGRID SANDØY	SANDØY	Ingrid Sandøy
11	ANNE GRETE BERGTUN	Kyrkevegen 2	Anne Grete Bergtun
12	TOR KJETIL BERGTUN	— " —	Tor Kjetil Bergtun
13	EVY VOLLÉN	SANDØY	Evy Vollen
14	TORBJØRN VOLLÉN	SANDØY	Torbjørn Vollen
15	HERDIS SANDØY	SANDØY	Herdis Sandøy
16	HALLGJERD SANDØY	SANDØY	Hallgjerd Sandøy
17	JORUNN BERGTUN	SANDØY	Jorunn Bergtun
18	STIG RUNE BERGTUN	SANDØY	Stig Rune Bergtun
19	EVY WINNINGSVOLL	SANDØY	Evy Winningsvoll
20	ARVE WINNINGSVOLL	SANDØY	Arve Winningsvoll
21	MARTE WINNINGSVOLL	SANDØY	Marte Winningsvoll
22	TOVE MARI KNOBELAUCH	GARDSVEGEN 108, SANDØY	Tove Mari Knoblauch
23	LINN MARI KNOBELAUCH	— " —	Linn Mari Knoblauch
24	OLE THEODOR KNOBELAUCH	— " — SANDØY	Ole Theodor Knoblauch
25	ANNE M. STEINSHAMN	Onagården 10, Ona	Anne M. Steinshamn
26	GERD HUSØY	Salsvegen 20, Ona	Gerd Husøy
27	KRISTIAN HUSØY	SALSVEGEN 20 Ona	Kristian Husøy
28	HILDE SØRMOEN	Husøyvegen 11, Ona	Hilde Sørmoen
29	BARDA JOH ANSEN	STORSTRØMVEGEN 15	Barda Johansen
30	JARLE ELIÅSEN	Husøyvegen 12	Jarle Eliassen
31	MARIANNE ELIÅSEN	Husøyvegen 12, Ona	Marianne Eliassen
32	PER E. DIDRIKSEN	Husøyvegen 13, ONA	Per E. Didriksen
33	TORSTEIN VIKEN	HOLMEVEGEN 12 ONA	Torstein Viken
34	TURID MYRVANG	Holmevegen 12 ONA	Turid Myrvang
35	ARIVE HEDDAL	Husøyvegen 11	Arive Heddal
36	MARIELL LIEN SANDVIK	Onagården 22 ona	Marillien Lien Sandvik
37			
38			
39			
40			
41			
42			
43			
44			
45			
46			

Norskehavet





NEDLEGG 4

